



Sykkylven kommune

Arkiv: FA-L13, PLANID-
15282022001
JournalpostID: 23/77
Saksbehandlar: Arild Sunde Rinnan
Dato: 12.01.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utvæl	Møtedato
PS 07/23	Nærings- og utviklingsutvalet	24.01.2023

Detaljregulering for fortau Blindheim- Tynes - Politisk behandling før 1. gongs høyring og offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Planforslaget til Detaljregulering for fortau Blindheim – Tynes (planid 15282022001) vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-11.

Nærings- og utviklingsutvalet - 07/23

NU - behandling:

Svein Tore Sørgård tok opp vurdering av habilitet som grunneigar. Han vart samråystes vedteken inhabil.

Bjarte Hovland orienterte og svara på spørsmål frå utvalet.

8 røysteføre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

NU - Vedtak:

Planforslaget til Detaljregulering for fortau Blindheim – Tynes (planid 15282022001) vert lagt ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-11.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Planforslaget er vurdert av administrasjonen og leggast fram for nærings- og utviklingsutvalet for behandling før 1. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Saksopplysningar

Planforslaget er utarbeida av Nordplan AS. Forslagsstiller er Sykkylven kommune.

Nærings- og utviklingsutvalet gjorde følgjande vedtak i møte den 06.09.2021:
«*Reguleringsplan Gang og sykkelveg Klokkehaug-Tynes, vedteken 17.08.81 (stadfesta 01.07.1982), vert å ta opp til endring med tanke på å få til ei mindre arealkrevjande løysing, til dømes ei fortausløysing slik som for Tynesvegen. Løysinga må ivareta dei mjuke trafikantane.*»

Formålet med planarbeidet er difor å omregulere dagens regulerte gang- og sykkelvegløysing i Reguleringsplan for gangveg Klokkehaug-Tynes frå 1982 til ei mindre arealkrevjande fortausløysing frå krysset ved Tynesvegen til krysset ved Blindheimsvegen. Dermed blir det ein samanhengande gangforbindelse på strekkinga Aure sentrum til Tynes.

Omtale av planforslaget

Planområdet strekker seg frå krysset ved Tynesvegen i sør til krysset ved Blindheimsvegen i nord. Forbi bensinstasjonen er fortauet regulert med 2 meters bredde. Dette for å tilpasse seg eksisterande infrastruktur tilknytt bensinstasjonen. Innkøyringa til stasjonen i sør er stramma opp. Videre er fortauet regulert med 3 meters bredde med tilhøyrande anna veggrunn (1,5 meter). Eksisterande avkøyrslar på dette strekket er noko utflytande og er stramma opp for å få desse klarare avgrensa. Frisiktsoner er lagt inn. Bustadformålet og bensinstasjonformålet som er regulert inn på austsida av fortauet er tatt med for å erstatte dagens reguleringsplan frå 1982 på strekket og få inn byggegrense mot fortauet.

Vurdering

Planforslaget som no blir lagt fram vil redusere inngrepa som trengs på dei aktuelle eigedomane for å realisere gangforbindelsen på strekninga. Med fortausløysing vil ein ta bort «bufferen» mellom Kyrkjevegen og gangvegen som i gjeldande reguleringsplan utgjorde omtrent 2,5 meter. Med å realisere ei fortausløysing på strekninga vil planen ivareta trafikktryggleiken for mjuke trafikantar som beveger mellom Tynesvegen og sentrum. Dagens situasjon er at mjuke trafikantar må gå langs vegkanten og derfor er meir eksponert for trafikken som kører på Kyrkjevegen. Reguleringsplanen legg også opp til ei oppstramming av fleire avkøyrslar på strekninga som vil gje eit meir forutsigbart køyremønster å forhalde seg til for mjuke trafikantar på strekninga.

I innspel til oppstart etterlyses det frå nokre av eigarane av eigedomane som må avstå grunn til tiltaket om kva erstatninga blir for avstått grunn. Dette er noko som ikkje blir tatt stilling til i reguleringsprosessen. Her er det dei planmessige høva som blir avklart og vedtatt. Erverv og erstatning for grunn med bakgrunn i reguleringsplan er vanleg å gjennomføre etter reguleringsplanen er vedtatt då ein veit omfanget av ervervet. Dette kan då være ved frivillig avtale, skjønn eller ekspropriasjon.

Det er også kome innspel om å forskyve Kyrkjevegen 4-5 meter mot vest, då det vil innebere mindre konflikt. Kommunen ser på ei forskyving av heile vegsystemet i området som eit omfattande prosjekt for å unngå inngrep i eksisterande bustadomter. Ein gangforbindelse langs eksisterande vegtrase har vore regulert sidan 1982. Ved å gjere ei ny regulerering her til fortau vil ein redusere inngripen i tilliggjande eigedomar enn kva som er tilfelle i gjeldande plan. Det er å merke seg at innspelet er sendt inn av ein som ikkje blir direkte berørt av reguleringsplanen som er under utarbeiding.

Ein del av området ligg i aktsemsonsone for områdeskred. Dette er knytt til potensielt ustabile marine lausmasser. Kommunen har hatt dialog med NVE rundt temaet og kva konsekvensar dette har for utbygging av fortau. Det konkluderast med at tiltaket er av eit slikt omfang og ligg i eit terrenn som gjer det ikkje vil forverre stabiliteten i området. Det skal likevel ansvarsbeleggast med geoteknikk i byggefase og ein skal følgje råd for slike tiltak som kjem fram av NVE sin rettleiar.

Administasjonen anbefaler å legge planforslaget ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Økonomiske konsekvenser

Kommunen finansierer reguleringsarbeidet og seinare utbygging av fortau.

Bente Glomset Vikhagen
kommunedirektør

Bjarte Hovland
einingsleiar tekniske tenester

Vedlegg:

- 15282022001- Fortau Blindheim-Tynes - Plankart 141222
- 15282022001-Fortau Blindheim-Tynes - Føresegner 141222
- 15282022001-Fortau Blindheim-Tynes - Planomtale 151222
- 15282022001-Risiko- og sårbarheitsanalyse 151222
- Avklaringar rundt grunnforhold i detaljregulering for fortau Blindheim- Tynes
- Innspel til oppstarsvarsel_samla
- Oppsummering innspill Blindheim - Tynes